



Saksprotokoll

Organ: Fylkestinget

Møtedato: 14.10.2014

Sak nr.: 14/5673-4

Internt l.nr.: 32636/14

Sak: 31/14

Tittel: **Vurdering av alternativ for utbetring av fv. 55 i Høyangertunnelen**

Behandling:

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Høyangertunnelen skal utbetrast innanfor ei kostnadsramme på 170 mill. 2014-kroner
2. Det skal gjennomførast minimumstiltak for at det skal vere forsvarleg å halde tunnelen open. Det skal dessutan gjennomførast utbetringstiltak tilpassa tunneltryggleiksforskrifta.
3. Tilhøyrande kostnader skal dekkast innanfor rammene til vedlikehald av fylkesvegnettet.

Endringsframlegg:

Høgre, Venstre og Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til nye punkt i staden for tilrådinga frå fylkesrådmannen:

1. Høyangertunnelen skal utbetrast innanfor ei kostnadsramme på 220 mill. 2014-kroner.
2. Det skal gjennomførast ei full utbetring av Høyangertunnelen inkludert digitalt naudnett og DAB-radio.
3. Det skal gjennomførast drøftingar med Sognekraft om medfinansiering av meirkostnaden av det å gå for alternativ c.
4. Tilhøyrande kostnader skal dekkast innanfor rammene til vedlikehald av fylkesvegnettet.

Avrøysting:

Framlegget frå Høgre, Venstre og Kristeleg Folkeparti fekk 12 røyster og var dermed forkasta. Tilrådinga frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteken.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Høyangertunnelen skal utbetrast innanfor ei kostnadsramme på 170 mill. 2014-kroner
2. Det skal gjennomførast minimumstiltak for at det skal vere forsvarleg å halde tunnelen open. Det skal dessutan gjennomførast utbetringstiltak tilpassa tunneltryggleiksforskrifta.
3. Tilhøyrande kostnader skal dekkast innanfor rammene til vedlikehald av fylkesvegnettet.